



Mona Enes leiar tildelingskontoret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingen Mona Enes (50) er leiar av det nye tildelingskontoret i kommunen som samlar all saksbehandling av helse- og omsorgstenester til brukarar over 18 år. Ho er fysioterapeut av yrke medan dei andre 4 tilsette ved kontoret er 3 sjukepleiarar og ein vernepleiar.**

**Alle 5 kjenner alle kommunen godt og har erfaring frå tenestetildeling, koordinering og leiing. Kontoret vart opna 1. september.**

Heretter skal alle søknadar om institusjonsplassar, heimetenestar, avlastning, og støttekontaktar behandlast av dette kontoret. Ordninga med TT-kort, føljekort og parkeringskort er lagt dit. Kontoret er opne frå 9 til 15 på vekedagar.